

02.05.2019

Vår referanse:

/2019/OKFH/BK

Vår saksbehandler
Bjørn Kvalheim; Tlf. 959 86 700

Til
Måløy Vidaregåande skule
v/ Prosjektleder Mona Bakke Svarstad.

Innspel frå OKFH – ny akvahall Måløy vidaregåande skule.

OKFH SA eller Opplæringskontoret for Fiskeri- og Havbruksfag i Sogn og Fjordane har nærare 80 lærlingar ute i bedriftene i faga fiskeri, akvakultur, matros og motormann.

Akvakultur er det største faget i dag med omkring 25 lærlingar. (Akva og YSK akva) noko som er ny rekord. Vi ser som elles i landet ei auke i talet på elevar som vil til fiskeri og havbruks faga. I år var det 29 søkarar til 18 plassar til haustens klasse i Naturbruk.

Dette er lærlingar både med og utan ungdomsrett. I og med at der inntil nyleg har vært berre 6 plasser på vg2 akvakultur på Måløy Vidaregåande har kontoret etter ønske frå næringa gjennomført fleire teorikurs i akvakulturfaget saman med skulen. Kurset har blitt lagt opp til 6 samlingar a 2 dagar, og har gjort at kandidatane har eit godt grunnlag til å ta den tverrfaglege teorieksamen som må vere bestått for å melda seg opp til fagprøva som privatist.

Sida 2015 har vi hatt nærmare 60 deltakara på desse kurset og i september startar vi opp med nytt kurs med 30 deltakarar igjen.

Dei 6-8 elevane som har kome ut frå Vg2 akva har alle fått seg gode læreplassar i medlemsbedriftene til OKFH. I og med at det er så få elvar kvart år som skal ut i lære har desse kursa vært et kjærkomme bidrag til utdanninga av kvalifiserte driftsteknikkarar til næringa.


OKFH arrangerer og ulike kurs for lærlingane sine gjennom den 2-årige læretida. Om Måløy Vidaregåande får på plass ein akvahall vil det være naturleg for OKFH å prøve å få tilgang til hallen når ein held slike kurs. (disseksjon, fiskesjukdom, fiskehelse, vannbehandling, RAS teknologi etc.)

Det vil og være naturleg for OKFH å legge mykje av undervisninga av akvakurset for privatistane til hallen.

Vi ser at ny teknologi vert stadig tatt i bruk i næringa. Det er viktig at skulen og heng med i denne utviklinga. OKFH meiner at det er viktig for skulen og den framtidige akvautdanninga å ha et skikkeleg oppdatert undervisningsopplegg med tanke på bl.a. RAS teknologi, oppdrett av nye artar, laboratorietestar med meir.

Ein slik hall vi helt klart være med å gjere akvakultur utdanninga ved MVS meir attraktiv og truleg auke søkartala inn mot Naturbruk vg1 og akvakultur vg2. Dette vil gjere det mogleg å nå de oppsette måla i verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2024.

Med helsing



Bjørn Kvalheim
Dagleg leiar

OKFH/SA
